

Fra: "Norsk Natursenter" <post@hardangervidda.org>
Sendt: torsdag 1. desember 2022 11.48.46
Til: "Stein Wisthus Johansen" <swj@nve.no>; "Per Vidar Halsnes" <Per-Vidar.Halsnes@eviny.no>; "fornybar@eviny.no" <fornybar@eviny.no>
Kopi: "Øvre Eksingedalen grunneigarlag" <ovreeksingedalen@gmail.com>; "MAGNAR NESE" <magnanes@online.no>
Emne: Vilkårsrevisjon for Eksingedalen - Trefallsvatnet
Vedlegg: Nr. 1 Trefallsvatnet bilde 2022 (normal vannstand med terskel vannheving 40-50 cm).jpg, refallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.8.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.2.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.3.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.4.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.5.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygd nr.7.jpg, Trefallsvatnet bilde 1975 utan groe med grus og sandbotn før terskel er bygdnr.6.jpg

Til

NVE v/ Stein Wisthus Johansen
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

«Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon vil være å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Dette må vegast opp mot formålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon.»

Det vert vist til sluttbefaring/synfaring 8. september 2022 i forbindelse med vilkårsrevisjon for vassdraget i Eksingedalen. Grunneigarane av Trefallsvatnet viser til dei store endringane av miljøet i vatnet frå 1975 til dags dato. Miljøendringa er tilvekst, groe i vatnet med krypsiv og flotgras i tillegg er botn i vatne dekkja av eit lag med slam som før hadde grusbotten. Vatnet er 0,23 km² i areal. Vatnet gror igjen grunna auka temperatur. Slamdanninge/mudder gjer i tillegg gode vekstvilkår. Botnforholda i vatnet har ført til for lite og feil type mat for fisken (liten mager og kvit i kjøtet), vekstvilkår for marflo/botndyr er borte og fører til at fiskekjøtet er kvit.

Årsak til miljøendringane er:

- Auke i temperatur i vatnet i sommarhalvåret grunna tidlegare tilførsel av snø og isvatn frå dei store høgtliggande fjellområda i nedslagsfeltet til Ekso/Trefallsvatnet, vert samla opp i store magasiner og ført vekk frå vassdraget som eit resultat av kraftutbygginga. Det vert vist til kunnskap frå tidlegare tider, at det kalde vatnet som vart tilført vassdraget heile sommarhalvåret hindra tilvekst i vatnet.
- Tilførsel av slam/mudder til Ekso grunna kraftutbygging som stoppar opp i det første stillestående vatnet i vassdraget; Trefallsvatnet.

Grunneigarane viser til vedlagt foto frå 1975 og har annan lokalkunnskap som kan dokumentera at vekstproblem og mudder ikkje eksisterte før kraftutbygginga.

Grunneigarane har i årevis delteke i ei rekkje møter med konsesjonseigaren Eviny der problemet er påpeikt og problematisert. Diskusjonane med Eviny har kun ført til mindre tiltak utført med sterk begrensa økonomi lengre nede i vassdraget. Eviny hevdar at dei driftar vassdraget miljømessig etter dagens gjeldande konsesjonsvilkår. Større endringar eller tiltak som fører til betre miljø i vassdraget, vert ikkje utført dersom nye konsesjonsvilkår ikkje har pålegg om dette. **Som påvist i synfaringa ved Trefallsvatnet er endringa i vatnet heilt uakseptabelt og miljøforholda langt borte frå dagens krav til akseptabel miljøtilstand.**

Nye tiltak:

- Fjerne vegetasjon, krypsiv og flotgras med røter opp frå vatnet (klipping/fresing gjev ikkje resultat).
- Fjerning av slam/mudder frå vatnet.
- Tilførsel av egna ny masse/gytegrus i delar av vatnet.

Praktisk gjennomføring av nye tiltak er gjennomførbart med maskiner som hentar opp og bringar på land vegetasjonen med røter. Slam kan også fjernast maskinelt i eigen operasjon. Dette arbeidet har truleg med eit grovt estimat ein kostnad på 4-5 millionar kr., men det vert vist til at ein slik kostnad i lys av den store verdiskapinga konsesjonæren har hatt gjennom nær 50 år, er liten målt mot tiltaket det vert reist krav om, som og med avbøtande eingongstiltak kan verta estimert dekkjande for behovet i nye 50 år.

På vegne av den sterkt reduserte miljøtilstanden og grunneigarane i Trefallsvatnet ber me om at nye konsesjonsvilkåra med tiltak vert pålagt konsesjonæren Eviny.

Vedlagte bilder nr. 1 viser Trefallsvatnet i 2022, dei andre vedlagte bilda viser situasjonen sommaren 1975 før terskel er bygd i nedre del av vatnet.

For grunneigarane rundt Trefallsvatnet
Oddvar Brakestad
Telf. 911 67 511

Kopi: Eviny Fornybar AS
Olav Osvoll
Per Vidar Halsnes

Fagrådet for Ekso
Trygve Nilsen

Eksingedalen bygdaråd
Magnar Nese